

FK SYKKYLVEN–SPJELKAVIK 1–2 (0–1)

BANE: Sykkylven kunstgras

TILSKODARAR: 150

MÅL:

0–1 Krister Omenås (7),
1–1 Ole Johnny Myrseth (77),
1–2 Odd Brede Langdal (90 + 3))

DOMMAR:

Rolf Kåre Almenning, Florø – 5

GULT KORT:

Per Espen Lade, FKS,
Odd Brede Langdal, Spjelkavik

SPELARPOENG:

3 Børge Larsen, SIL,
2 Ole Johnny Myrseth, FKS,
1 Joakim Relling, SIL

KOMMENTAREN:

S –Steike me, dinne e deilig. Det kunne sjå mørkt ut i andre omgang, men på ny henta vi fram moralen som berga viktige poeng (særdeles glad og dyktig spelande trenar hjå Spjelkavik, Johnny Vattøy).

– Av og til kan fotball synast urettferdig. I dag var vi dårlegast i begge endar av bana. I resten av sesongen må vi prestere også mot dei dårlege laga (lettare frustrert heimetreinar, Erling Ytterland).

KAMPEN: Spjelkavik sin lange angripar, Odd Brede Langdal, vart den store helten då han knappe tre minutt på overtid heada Henrik Omenås sitt presise innlegg i nota frå kort hald. Dette gjorde stordalingen i sin fyrste kamp frå start for Spjelkavik etter

overgangen frå romsdalsklubben Rival. Dei tre poenga var viktige for Vika, og smakte ekstra søtt, ettersom laget vart trykt på defensiven i store delar av andre omgang.

Før pause var kampen jamn. Spjelkavik best i starten, heimelaget mot slutten av omgangen. Einaste målet sette Krister Omenås inn på direkte frispark frå langt, skrått hald. Største heimesjansen hadde Cruz, som fekk ballen servert på hovudet etter forsering av Røe, men headinga gjekk utanfor.

Etter sidebyte festa heimelaget grepet om midtbana ved Cruz og Lade. Cruz viste rett som det var sine ferdigheiter, men seinka spelet med altfor mykje ballhalding. Røe låg fri på høgrekanten, men vart sveltefora med ballar.

Men endeleg utlikna høgrebacken Myrseth for heimelaget i etterkant av eit hjørnespark, på eit tidspunkt då Vika hadde den solide stopparen Børge Larsen ute for skadebehandling. I staden for sigersmål til heimelaget fekk publikum sjå at gjestane løfta seg dei siste ti minutta og stakk av med potten.

PS: FKS har to uavgjort mot Skarbøvik og to tap mot Spjelkavik denne sesongen.

Atle Hole